



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13757 - 21/32569

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
siril.therese.sylta@alver.kommune.no

Dato:  
11.05.2021

## Oversender klagesak til endeleg avgjerd - gbnr 342/8 Eikeland

### Saksopplysningar

Eigedom: 342/8 Eikeland  
Adresse: Eikelandsvegen 171, 5917 Rossland  
Tiltakshavar/eigar: Svein Kåre Eikeland og Marie Eikeland  
Søkjjar: John Johnsen etter fullmakt  
Klagar: Statsforvaltaren i Vestland  
Utsett iverksetting: Ja

### Saka gjeld:

Saka gjeld klage på vedtak fatta av Utval for areal, plan og miljø, sak 020/21 den 03.02.2021 der det vart gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og arealføremålet i sjø i kommunedelplanen for Meland og frå pbl § 1-8 for etablering av bryggje.

Søknaden gjeld dispensasjon for etablering av trebryggje for ilandstiging. Bryggja er 6 meter lang og med varierende breidde tilpassa svaberget. Tiltaket er plassert på naboiegdom (gbnr 342/8) nedanfor hytta til tiltakshavar, inntil tilsvarende anlegg tilhøyrande nabohytte. Tiltakshavar sin eigedom (gbnr 342/61) har ikkje strandlinje.

Det vart gjeve dispensasjon av Utval for areal, plan og miljø:

APM- 020/21 Vedtak:

Med heimel i forvaltningslova § 33 jfr PBL § 19-2, vert Klagen tatt til følgje og vedtak i sak 20/13757 datert 02.12.2020 vert omgjort.

Grunngjeving:

Tiltaket er ei utviding av ei eksisterande bryggje. Mesteparten av det omsøkte området er store delar av døgnet under vatn, og har såleis ikkje vesentleg landskapsverdi og vil heller ikkje beslagleggje meir av strandsona. Omsøkt bryggje vil gje vesenleg betre tilgang til sjø. Tiltaket er søkt om for å få større handlingsrom for fortøyning av tre småbåtar. I dag står fortøyingane kritisk tett og lett å få tau i propellar ved ut og innkjøring av båt. I tillegg er det fare for at båtene slår i kvarandre ved kraftig vind frå sør og nordvest. APM ser at omsøkte tiltak ikkje har negative merknader frå Vestland fylkeskommune eller Bergen og omland

Havnevesen for å gje dispensasjon for dette tiltaket. Etter ei samla vurdering er fordelane klart større enn ulempene ved å gje dispensasjon.

Saka blei samrøystes vedteke.

Vedtaket er klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 23.02.2021.

I brev datert 13.03.2021 er det gjort avgjerd om å gje utsett iverksetting av vedtaket. Det ligg føre kommentarar til klagen frå søkjar i brev datert 22.03.2021 og 30.03.2021.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte 21.04.2021, der Alver kommune sitt vedtak datert 03.02.2021 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland ved settestatsforvaltar for endeleg avgjerd. Saksdokumenta er vedlagt.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Siril T. Sylta på e-post eller på telefon 40 91 08 80.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Arealforvaltning

Siril Therese Sylta  
Tenesteleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon - GBNR 342/8 Eikeland

0. SØKNAD OM OPPSETTING AV ILANDSTIGNINGSBRYGGE

1. Samtykke søknad og nabovarsel
2. Tiltakets beliggenhet i sjø
3. Brygge forslag platting
4. Kart med eiendomsgrenser og brygge
5. Brygge på stedet - eksempel
6. Kvittering nabovarsel
7. Re\_ Nabovarsel Elisabeth Hillestad
8. Re\_ Nabovarsel Oddvar Berge (1)
9. Re\_ Nabovarsel Harald Skogheim
10. Bergen Havn Forhåndsuttale
11. Eksempel på godkjent nabohytte

Nabovarsel Berge

Nabovarsel Hillestad

Nabovarsel Skogheim

Uttale - etablering av brygge - dispensasjon - gbnr 342/8 Eikeland

AcosSvarlInn.xml

Uttale til dispensasjonssøknad - oppføring av brygge - gbnr 342/8 - Eikeland

AcosSvarlInn.xml

Uttale vedr - Oversender søknad om dispensasjon for brygge til uttale - gbnr 342/8 Eikeland

AcosSvarlInn.xml

Avslått søknad om dispensasjon for etablering av brygge - gbnr 342/8 Eikeland

Epost - Klage på avslått søknad om dispensasjon for etablering av brygge - gbnr 342/8 Eikeland

Klage på vedtak Brygge

**Vedlegg:**

Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av brygge - gbnr 342/8 Eikeland

Klage - gbnr 342/8 Eikland - etablering av brygge - dispensasjon

AcosSvarInn.xml

Tilsvar til brev av 23.02.2021 fra Statsforvalteren i Vestland - gbnr 342/8 Eikeland

Tillegg til tilsvar fra Statsforvalter . saksnummer 20/13757-21/8559

Tillegg til tilsvar fra Statsforvaltaren - gbnr 342/8 Eikeland

Skjøte 342- 61 side 1

Skjøte 342- 61 side 2

Tilsvar Statsforvalter fra John Johnsen (L)(403217)

Klage på vedtak om dispensasjon for etablering av bryggje - gbnr 342/8 Eikeland

**Kopi til:**

John Johnsen

Lønboglien 195

5039

BERGEN

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER